

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Storehagen 1B - Førde
Dato: Onsdag 9.mai 2018
Tid: 10:00 – 12:15
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar med fleire

Rådsmøte starta med opprop og framlegging av fullmakter.
Rådsordførar Jenny Ellaug Følling ønskte deretter møtedeltakarane velkomne.

SAK 1/2018 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.
Samrøystes

SAK 2/2018 Godkjenning av saklista

Vedtak:

Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.
Samrøystes

SAK 3/2018 Konstituering:

Val av møteleiar:

Rådsleiar Jenny Ellaug Følling vart vald.

Val av sekretær:

Kjartan Aa Berge vart vald.

Val av to personar til å skrive under møteboka:

Oddmund Klakegg og Nils Gjerland vart vald.

SAK 4/2018 Godkjenning av årsmelding 2017

Vedtak:

Framlagt årsmelding for 2017 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet
Samrøystes

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

SAK 5/2018 Godkjenning av rekneskap 2017

Vedtak:

Framlagt rekneskap for 2017 og revisjonsmelding vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 6/2018 Budsjett 2018

Rådsmedlem Odd Bovim presenterte følgjande framlegg til tilleggsprotokollering:

«Rådet tek til vitande museumsdirektøren og styret sin redegjørelse rundt budsjettet opp mot dei langsiktige målsetnadar kva gjeld egenkapitalgrad og overskot. Rådet seier seg einig i målsetnaden kva gjeld overskot og eigenkapitalgrad og føreset at framtidige budsjett vil gjenspeile dette»

Då det viste seg at rådet ikkje ville gi samrøystes støtte til tilleggsprotokolleringa trekte Bovim framlegget.

Vedtak:

Framlagt budsjett for 2018 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 7/2018 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomiteen legg fram følgjande samrøystes tilråding:

1) Modell

Styreleiar

Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Summen vert fastsett til 60 % av godtgjering til leiar i hovudval i Sogn og Fjordane fylkeskommune..

Fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.

Styremedlemmer

Møtegodtgjering pr. møte. Tap arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.

Styreleiar/styremedlemmer:

Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.

2) Satsar pr. 01.01.2018:

<i>Fast godtgjering til styreleiar (60% av leiar hovudutval SFJ)</i>	<i>kr.</i>	<i>115.980,-</i>
<i>Dekking av telefon/breiband (styreleiar)</i>	<i>kr.</i>	<i>5.335,-</i>
<i>Godtgjering pr. møte til styremedlemmer</i>	<i>kr.</i>	<i>940,-</i>
<i>Tap arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:</i>	<i>kr.</i>	<i>3.340,-</i>
<i>Ulegitimert tap inntil:</i>	<i>kr.</i>	<i>1.780,-</i>
<i>Vederlag for påførte legitimerede utgifter inntil:</i>	<i>kr.</i>	<i>2.580,-</i>
<i>Vederlag for påførte ulegitimerte utgifter inntil:</i>	<i>kr.</i>	<i>1.400,-</i>

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

3) Regulering kvart år pr. 1. januar

Regulering av godtgjering og vederlag i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar inneverande år.

Vedtak:

Framlagt forslag frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

SAK 8/2018 Val etter vedtektene

Val av medlemmer til stiftingsstyret

Det var ingen styremedlemmer på val.

Val av valnemnd

Vedtak:

Grete Berntzen vert vald som ny medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år. Såleis er valnemnda sett saman slik:

Ivar Svensøy: valt til 30.april 2019

Heidi-Kathrin Osland: valt til 30.april 2020

Grete Berntzen: valt til 30.april 2021

Rådet tilrår at det etablerast ein praksis med at valnemnda kjem med framlegg til nytt medlem i nemda.

Samrøystes

Førde, 9.mai 2018


Oddmund Klakegg


Nils Gjerland